

Vekeplan for 3.trinn

	Veke 50	
Tema: Skaparglede		

Lekser veke 50

Vekelekse	Les øvearket til julespelet kvar dag.
Til tysdag	Gym: Pakk gymtøy. Sjå meir informasjon nedanfor. iPad: Hugs å lade den 100%.
Til torsdag	Symjing: Dei som har fått beskjed pakker symjetøy og møter på skulen kl 08.00. Sjå meir informasjon nedanfor. (Melding er sendt på Visma eller gitt muntleg på utviklingssamtalen)

Timeplan

No går vi inn i desember og advent. Derfor ser timeplanen vår litt annleis ut. Vi skal ha **adventsamling** kvar dag med mange koselige aktiviteter. Der det står "**Julehefte**" skal elevane jobbe i eit hefte med juleark frå norsk, matte, engelsk. Det vert også ein del tegne og aktivitetsoppgåver. Vi skal også få tid til **juleverkstad**. I tillegg skal vi øve på **julespelet** ❄️

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.økt	Adventsamling	Gym	Adventsamling	Symjing/KRLE	Adventsamling
2.økt	Julehefte	Adventsamling	Julehefte	Adventsamling	Julespel
3.økt	Julespel	Julespel	Julespel	Julespel	Julespel
4.økt	Julespel/leik				
Slutt	14.15	13.00	13.00	13.00	13.00





Informasjon til heimen

Juleverkstad: Vi skal ha juleverkstad i løpet av dei to neste vekene. Ta med eit glasskrukke (utan etiketten) så raskt som mogleg. Vi skal lage noko fint!

Informasjon angående julespel i kyrkja

I år er det vårt trinn som har ansvaret for julespelet i kyrkja når vi skal ha julegudstjeneste. Vi kjem til å vere i kyrkja både måndag 15.12 og tysdag 16.12 til gudstjenesten er ferdig.

Det vert foreldreførestilling på tysdag kl 17.30. Etter forestillinga vert det litt mat og sosialt i foajeen i kyrkja.

Tysdag 16.12 er det oppmøte for elevane ca 17.00 slik at vi får kledd dei klare til førestillinga startar.

Måndag 15.12 møter alle på skulen, og vi går opp i lag.

Tysdag 16.12 møter elevane der de har kryssa av på svarslippen de leverte inn. Dersom de ikkje har levert lappen enda må det gjerast innan tysdag 9.12.

Elevane treng berre ein sekk med vatn og vanleg nistemat desse dagane. Det er lurt med litt frukt/grønsaker i tillegg.

Kostyme: Når det gjeld kostyme, skal alle ha svart bukse/underdel og kvit overdel. Dette må leverast på skulen innan tysdag 9.desember. Hugs å merke alt med namn. Legg det gjerne i ein pose merket med elevens namn.

Julegudsteneste: 16.12.25 blir det julegudsteneste i Frøyland og Orstad kyrkje. Det vert anledning til å ha med seg ei julegåve til eit barn i Ukraina, dersom nokon ønsker det. Merk med kjønn og alder.

Skifteklede: Elevane må ha ekstra skift på skulen som ligg i ein pose i garderoben. Truse, bukse og sokker er ekstra viktig. I tillegg må dei ha innesko, regnklede og støvler. Hugs å merke kleda!

Gymsko: Det er gym kvar tysdag. Elevane skal dusje etter gymtimane. **Dei skal kun vaske kroppen, ikkje håret.** Dei skal ha med seg gymklede, sko, handkle og såpe.

Symjing: Dei som skal ha symjing har fått beskjed. Torsdag i 1.økt. Vi tek buss til Bryne ungdomsskule kl 08.15, så dei som har symjing må møte kl 08.

Elevane må ha med seg badeklede, badehette, handkle, shampo, kroppssåpe og ein plastpose til å ha dei blaute badekleda oppi. Dersom nokon har fotvorte (sjekk nøye), må dei ha med eit ekstra par med reine sokker (dei må dusje og bade med sokk på). Merk ALT med namn, og la eleven vere med å pakke symjebagen slik at dei veit kva dei har med seg.

Sjukdom: Dersom elevane er sjuke må de melda frå om dette i "VISMA min skole"-appen om morgonen slik at vi veit at elevane ikkje kjem.

SFO: Dersom elevane ikkje skal på SFO ein dag må de leggja inn dagsnotat på visma. Det er ikkje nok at elevane seier i frå munnleg.

Vi ønskjer alle ei fin veke 🤖

Helsing Safeta, Randi, Espen, Mia, Berit og Brita

